



## Notat

Dato: 23.04.2018  
Arkivsak: 2017/13734-17  
Saksbehandlar: annvabo

---

**Til:** Gunhild Raddum, Ambjørg Reinsnos

---

**Frå:** Anne-Kathrine Vabø

---

### **Smålonane, Fjell kommune - høyring og samtykkesøknad til politisk handsaming**

Reguleringsplanen inneheld 19 000 m<sup>2</sup> handel og må difor søke om samtykke hos fylkeskommunen (regional føresegn i Regional plan for attraktive senter i Hordaland). Saksgangen for samtykkesaken er: Saksgangen er som følgjer:

- Fylkeskommunen sender samtykkesøknaden til Fylkesmannen i Hordaland for uttale med frist på 3 veker.
- Fylkesrådmannen utarbeider og legg fram sak for tilråding i utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU). Saka går vidare til fylkesutvalet (FUV).
- Fylkesutvalet fattar vedtak om samtykke.

Sakshandsamingstid er på seks veker, herunder er tre veker til høyring hos fylkesmannen. Vi når ikkje politisk møte i mai, og saka må handsamast i KIRU 19. juni, med endeleg vedtak i FUV 21. juni.

Når vi no har fått reguleringsplanen på høyring i same tidsrom er det naturelg at den vert handsama politisk og.

Eg må sende saka til godkjenning 22. mai. Ber om innspel i god tid, helst 14. mai. Ta kontakt om noko er uklårt!